



Foto: Gunhild Momrak

UTSYN OG ROMKJENSLE får ein på denne turen. Frå Igletjønnuten ser ein mest heile fjellheimen i Fyresdal og på stupet ut mot Fyresvatn får du ein storlagen utsikt over innsjøen og vestover mot Setesdalsheiane. Om lag 500m nedanfor ligg innsjøen, og ned til botnen er det endåtil ca. 370 m. Dette gjev oss ei god romkjensle, og kanskje "magesug"? På mange måtar kan utsynet minne om fjordlandskapet på Vestlandet. Flyttblokken ute på kanten er spesiell og mange har undra seg over korleis den er komen dit den ligg. Ikkje sjeldan vert fantasien vekt omkring risar og trollskaup. I dag veit vi at innlandsisen har bore stein og blokkar med seg over lange avstandar, og slike steinblokkar blei liggjande att der isen smelta ned. Plantelivet er spennande i dette området. Langs ruta finn ein lørke og ei fure med ei uvanleg vid trekrone, rypebær og greplyng. Både orrfugl og rype er å finne her og ørna hekkar utpå Våmur. Kjelder: Vandrерuter i Fyresdal, Øyvind Skar

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

FLOTT UTSIKT med Fyresvatn i bakgrunnen.
Foto: Hamish Moore



Foto: Hamish Moore

LANGS RUTA kan ein ennå sjå restar etter nedlagde heigardar frå mellomalderen, gardar som vart liggjande aude etter Svartedauden. Ved Brautestøyl litt lenger oppe i lendet er det attgrodde hustufter. Det har vore fleire liknande gardar rundt om i denne heia. Det kan ha vore øydegardar som sidan er tekne i bruk som støylar på 1600-talet og framover.

Flotte svaberg på Raudblæsberga.

Namnet Kolshus tyder på at her har vore kolbrenning og namnet Raudblæsheia indikerar jarnutvinning. Ute på Raudblæsberga ser ein store, uthogne (kilte) steinar lagt opp i firkanta murar, fylte opp med stein og sølvgrå tørrfururestar. På høgkant ligg dei på rekkje og rad i det bratte lendet. Det var her den fyrste telefonlina blei lagt fyrst på 1900-talet. Lina blei bygd nær hundre år før trådløst samband og mobiltelefon kom i bruk.

Kjelder: Vandrерuter i Fyresdal, Øyvind Skar

Vandrere regionen
www.vandretelemark.no www.fyresdal.kommune.no

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Fyresdal kommune med støtte frå TELEMARFYLKESKOMMUNE

RAUDBLÆSBERGA med flotte svaberg for bading og rekreasjon.
Foto: Hamish Moore



FURE med uvanleg vid trekrone.
Foto: Gunhild Momrak



Fyresdal – Telemark

TURMÅL Igletjønnuten

TEMA Topptur

Foto: Hamish Moore



FLYTTEBLOKK som har blitt liggande att der isen smelta ned.
Foto t.v.: Gunhild Momrak / Foto t.h.: Hamish Moore



